

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 17.03.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Hanne Løvereide Årstad  
**SAKA GJELD:** **Sal av tomt på Eide ved Karmøy DPS**

**ARKIVSAK:** 2015/1534  
**STYRESAK:** **041/15**

**STYREMØTE:** **07.04. 2015**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret sluttar seg til sal av tomt gnr 68, bnr 350, Eide, i Karmøy kommune.
2. Styret føreset at eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden dersom Karmøy kommune ikkje krev eigedomen tilbakeskjøtt.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eigedomen.

## Oppsummering

Helse Fonna HF ønskjer å selje gnr 68, bnr. 350 i Karmøy kommune. I samband med at Helse Fonna HF skulle bygga eit distriktpsykiatrisk senter på Karmøy blei det kjøpt to separate tomter ved Eide frå Karmøy kommune. Karmøy distriktpsykiatriske senter (KDPS) blei etablert og resultatet synar at den eine tomta var tilstrekkeleg stor.

Føretaket har ikkje behov, eller planar for tomta og tilrår at den blir seld.

## Fakta

Styret i Helse Fonna HF gjorde i styremøte 12.02.2015 følgjande vedtak i styresak 10/15 A, Sal av tomt på Eide ved Karmøy DPS:

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av tomt gnr. 68, bnr 350, Eide, Austre Karmøyveg i Karmøy kommune.
2. Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

## Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einkilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Helse Fonna kjøpte i 2004 ein del av gnr 68, bnr 187 av Karmøy kommune. Parsellen er i følge kjøpekontrakt ikkje oppmålt, men anslått areal er på 7700 m<sup>2</sup>. Tomta er regulert til offentleg føremål.

Hele Fonna HF betalte i 2004 kr 770 000,- for arealet. I følge kjøpekontrakten punkt 7, skal «Området være påbegynt byggemodnet senest 2 år etter hjemmelsovergang og byggearbeidet skal skje med rimelig framdrift». Dersom dette ikkje skjer har Karmøy kommune rett til å krevje eigedomen tilbakeskjøtt. Prisen skal da i nominelle kroner vere lik den som kjøpar har innbetalt inklusive renter. Kommunen dekkar i tillegg utgifter til tinglysing.

Bokført verdi pr 18.12.2014 er kr 813 490,-. Berekningar gjort i tråd med punkt 7 i kjøpsavtalen viser at pris ved tilbakesal til Karmøy kommune vil vere kr 1 034 818,- Dersom kommunen ikkje ønskjer å kjøpe tilbake tomta blir eigedommen seld på den opne markanden.

## **Konklusjon**

Administrerende direktør sluttar seg til dei vurderingar som er gjort av Helse Fonna og tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomen. Ein legg til grunn at eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden dersom Karmøy kommune ikkje krev eigedomen tilbakesjøtt.

Vedlegg:

Styresak 10/15, Sal av tomt på Eide i Karmøy kommune